

## Saneringsnytt nr 2 2007

31. august 2007

### **Innhald**

*Ny smitte i sanerte buskapar*  
*Jordbruksforhandlingane*  
*Avløysartilskot*  
*Forsikringsordningar*  
*"Landbrukshelsa"*  
*Påmelding*  
*Resultat*  
*Geitedagane i Svolvær 2007*  
*Seminsesongen 2007*

### **Ny smitte i sanerte buskapar**

Ei sak som har uroa mange geiteprodusentar er eit nyleg oppslag i eit landbrukstidsskrift om paratuberkulosesmitte. Ein kan i artikkelen få inntrykk av at det er store sjansar for at ei landsomfattande smittesanering vil bli mislukka.

Det er difor nødvendig å bruke litt plass på dette i Saneringsnytt.

Når det skjer ny infeksjon eller resmitte i ein sanert buskap er det ei alvorleg sak for den det gjeld. Når prosjektet får informasjon om dette, vil det difor bli teke svært alvorleg, og ein vil gjera kva ein kan for å finne årsaka og for å fjerne smitten att på nytt.

Eg vil minne om at då Fase 1 starta, var ei av målsettingane å finne ut om eit saneringsopplegg som var kjent frå andre land let seg gjennomføre under norske forhold. Det viste seg snøgt at dette gjekk bra. Det er blitt mange friske geiter og dei produserer godt.

Det vart difor løyvd meir pengar slik at prosjektet kan halde fram. Når prosjektet blir utvida til å omfatte alle geitebuskapar i landet, er det innlysande at det får ein heilt annan dimensjon. Dette gjeld også risiko for å få inn att sjukdom i sanerte buskapar. Ein prøver alltid å gjera risikoen så liten som råd. Men i alle tidlegare saneringsopplegg har det skjedd tilbakeslag, og difor ville det vera underleg dersom det ikkje også skjedde i dette prosjektet.

I eit slikt prosjekt vil ein alltid prøve å skaffe seg ny lærdom, det er noko av grunnlaget for å arbeide i prosjekt. Det er i slike tilfelle særleg viktig å ha for auga kva målsettinga er på lang sikt. Kanskje er dette noko av prisen vi må betale for å oppnå det som er målet, utrydding av alvorlege, smittsame sjukdommar.

#### ***- Er det mange buskapar som har blitt smitta på nytt?***

Hittil har det skjedd i svært liten grad. Av dei 125 buskapane som er ferdig sanerte er det fem tilfelle av ny smitte. Det er eitt tilfelle med CAE. Av 57 buskapar som ligg i område der det blir vaksinert mot paratuberkulose er det eitt tilfelle med paratuberkulose. Det er også til saman tre tilfelle med byllesjuke. Grunnen til at det er mest resmitte med byllesjuke er at det er mykje byllesjuke blant både sau og geit og at sjukdommen er ekstremt smittsam.

#### ***- Korleis har det gått med desse buskapane?***

I tilfellet med CAE vart det slakta noko over 20 dyr om hausten, og året etter var det eit par tilfelle i grenseland. Desse vart også slakta og sidan har det ikkje vore fleire positive. Dette er to år sidan.

I eitt av tilfella med byllesjuke er buskapen friskmeld. Smitten vart her oppdaga tidleg og etter å ha slakta tre positive dyr, har det ikkje vore fleire. Ein annan av buskapane, som har svært mange

klinisk sjuke dyr, vil starte sanering att til neste år. Den siste buskapen med byllesjuke vil ikkje ta full sanering på nytt, men prøver å slakte dyr med byllar etter kvart som dei blir oppdaga. Frå 15. juli og fram til no gjeld det 8 dyr. Resten av geitene produserer godt.

Buskapen som har fått påvist paratuberkulose er framleis under oppfølging. Det er der sett inn store ressursar. Dette gjeld rådgeving om fôring og andre tiltak i buskapen. Ein prøver også sjølvstøtt å finne smittekjelda. Veterinærinstituttet er sterkt inne i bildet på den sida. Det er ikkje gjennomført ny sanering der enno, men dette har vore under planlegging lenge, og det vil truleg bli nødvendig på kortare eller lengre sikt.

Ein har undervegs i arbeidet i desse buskapane fått erfaringar og kunnskap som vil koma andre som sanerer seinare til gode.

### **Oppfølging**

Ein skal vera klar over at når det skjer resmitte, så vil oppfølging i buskapen få høgaste prioritet. Men det er viktig at alle er på vakt, og dersom symptoma blir oppdaga i tide, kan ein med rask reaksjon stogge eit større utbrot.

Blir det nødvendig med ny full sanering, må ein søkje prosjektet på nytt og det er dei same satsane som gjeld for rekrutteringsbidrag som fyrste gong ein sanerer. Det blir ikkje gitt rekrutteringsbidrag for utslakting av berre nokre få dyr. Dersom det blir nødvendig å slakte mange, men ikkje heile flokken, må ein søkje spesielt om å få tilskot. Dette blir avgjort i kvart tilfelle.

### **Årsak til ny smitte**

Grunnen til at det oppstår ny sjukdom er ofte innlysande. Dyra blir smitta gjennom kontakt med andre dyr eller av folk som har smittestoff med seg på klær, utstyr o l.

Men nokon gonger kan det vera vanskeleg å finne årsaka. Ein kan tenkje seg at det i ein smitta buskap er underliggjande årsaker som ikkje er lette å oppdage før sanering. Ein har gjennomført rutinar gjennom mange år som kan maskere eit problem. Typisk i så måte er vaksining mot paratuberkulose. Når saneringa er over, kan det framleis i miljøet ein eller annan stad finnast smittestoff, på stader som ein ikkje tenkte var mogeleg. Det kan skuldast ulike rutinar som ikkje var kjende, og dei kan ha tildekkja problemet. Ein må også ta med faktorar som fôring, stell og manglar i fôret. Slike ting kan også gje uventa reaksjonar.

Dette er usikre faktorar som ein må leva med. Det ser likevel ut til at det hjå dei aller fleste har lukkast å finne og fjerne dei største risikofaktorane. Det låge talet på resmitta buskapar tydar på det.

Ein positiv effekt kan eit avisoppslag om smitte også ha. Det kan synast som ein del produsentar er blitt mykje meir skeptiske til å gi frå seg livdyr til folk som ynskjer å ha ei geit berre for hygge. Prosjektet får difor oftare spørsmål om kven som har friske dyr til sals enn det som har vore vanleg før.

### **Jordbruksforhandlingane**

Det vart løyvd 11,6 millionar kroner til Friskare geiter for 2008. Forhandlingane vart avslutta den 16. mai. Det betyr at ein neste år kan halde fram med arbeidet i om lag same fart som dei to føregåande åra, og det er bra.

### **Avløysartilskot**

I sluttprotokollen står det:

*"Foretak som deltar i smittesaneringsprosjektet "Friskere geiter" kan få kompensasjon for bortfall av avløsertilskudd ferie/fritid i samsvar med prinsippene fastsatt for kompensasjon for bortfall av produksjonstilskudd ved jordbruksoppgjøret 2006."*

Dette betyr at det blir gitt kompensasjon for bortfall av avløysartilskot for 2007. Det blir ikkje gitt kompensasjon for 2006. Denne saka er det blitt arbeidd mykje med frå prosjektet si side. Styringsgruppa gjorde nyleg vedtak om å bruke av det ordinære saneringsbudsjettet for 2008, men i eit brev frå Landbruks- og matdepartementet datert 27. august 2007 er det endeleg slått fast at dette vil vera i strid med jordbruksavtalen. Det er såleis ikkje mogeleg for prosjektet å gjennomføre det vedtaket styringsgruppa har gjort. Dette ser prosjektet som sterkt beklageleg.

## Forsikringsordningar

Det vil alltid vere ein større risiko for at det skjer uventa ting når ein sanerer ein geitebuskap enn når ein driv tradisjonell drift. Rekrutteringsbidraget skal vera med og dekke ein del slike uventa hendingar, men kan ikkje dekkje alt som kan skje. Forsikringsordninga som Gjensidige no tilbyr er med på å gjere saneringsjobben mindre økonomisk risikofylt. Fleire representantar for Gjensidige har sagt at dei gjerne er med på å støtte prosjektet, då det er tydeleg at det gjennom dette arbeidet kan vera pengar å tene. Grunnen er sjølvsagt at det blir mindre utbetalingar på grunn av sjukdom.

Ei forsikring som passar for bruk som sanerer bør dekke ulykke, sjukdom, driftstap og ansvar. Det er muleg å oppnå rabattordningar på slike forsikringar dersom ein er medlem i landbruksorganisasjonar, har brannvarslingsanlegg eller er medlem i landbrukshelsa.

## ”Landbrukshelsa”

Ei sjukdomssanering kan vera ein ekstra stressfaktor i ein travel kvardag. Dette er det nyttig å ha tenkt gjennom på førehand, og då er Landbrukets HMS-tjeneste rette instans å ta det opp med. Dersom uventa ting oppstår i løpet av året med sanering, er det folk der som kjenner til arbeidet, og kan på ein enkel måte vera til hjelp både på det menneskelege og helsefaglege plan.

Landbrukets HMS har internettadressa

<http://www.lhms.no>

Dette er sjølvsagt også nyttig for andre enn dei som driv med sjukdomssanering.




## Påmelding

Når alle som sanerer i år er ferdige, vil 167 bruk ha gjennomført sanering. Ein ser av diagrammet at det neste år er mange som har planlagt sanering. Ein del av desse vil erfaringsmessig utsetje det i eitt eller to år. Ein ser også at det er få produsentar som planlegg sanering etter 2008. Som ventande kan vera er det ingen etter 2010. Dette er noko bekymringsfullt når ein tenkjer på vidareføringa av prosjektet. Det betyr at produsentar, organisasjonar og råvaremottakarar må ta til med ein diskusjon om korleis ein skal få med alle.

Det kan også bety at styresmaktene endå sterkare må vurdere å endre lovverket slik at ein sikrar at det arbeidet som er gjort ikkje skal vera forgjeves. Det kan mellom anna gjerast ved å oppgradere sjukdommar frå gruppe-C til gruppe-B.

Det er likevel ein positiv trend når det gjeld påmeldingar. Det er kome påmeldingar frå mange ammegeitbuskappar, og i det siste er det også interesse frå dei som driv med Boergeit. Det er frå folk som driv med ammegeit kome innspel om at prosjektet fokuserer for mykje på mjølkegeit. Det er rett at prosjektet gjer det, og den viktigaste grunnen er at det er hjå mjølkegeitene ein har det meste av smittereservoaret. Så er det også viktig at det er mjølkegeitene som pr i dag står for det meste av geiteproduksjonen. Men ein må sjølv sagt ikkje gløyme ammegeitene, då desse utgjer svært mange eigarar og også geiter.



## Resultat

### Mjølkekvalitet

Tabellen til høgre viser at i sanerte buskappar er celletalet lågare, tørrstoff er høgare, og frie feittsyrer er lågare enn i ikkje sanerte buskappar. Dette er statistisk sikre resultat. Nokon vil sikkert undre seg over at talet for frie feittsyrer ikkje stemmer med det som vart presentert på geitedagane i år. Grunnen

er at det der var rekna på tal frå enkeltdyr og frå vanlege mjølkeprøver, mens her er det samlemjolk som er grunnlaget for utrekningane. Det kan gje ulike resultat. Ein finn i begge grupper produsentar med mykje dårlegare tal enn snittet. I den sanerte gruppa vil prosjektet fylgje ekstra godt med og prøve å fange opp dei som av ein eller annan grunn har dårleg mjølke kvalitet. Det er alt sett inn tiltak i nokon av buskapane som har hatt problem. Når prosjektet på denne måten kan fylgje med i utviklinga, kjenner ein seg difor trygg på at kvaliteten på mjølka i sanerte buskappar vil bli endå betre i framtida.

Celletal, FPL og FFS i leverandørmjolk fyrste halvdel av 2007

|                                     | Sanert | Ikkje sanert |
|-------------------------------------|--------|--------------|
| Antall prøver                       | 1011   | 3759         |
| Celletal, snitt ( $\times 1000/m$ ) | 870    | 1080         |
| FPL, (tørrstoff) snitt i %          | 11,4   | 11,2         |
| Syretal (FFS), snitt                | 1,07   | 1,22         |

### Sjukdomskontroll og -overvaking

Testresultat utanom det som alt er nemnt viser same tendens som før. Det er svært få CAE-positive blodprøver. Dei aller fleste individ som testar positivt gjer dette i løpet av fyrste året etter sanering. Dette syner at saneringsarbeidet er gjennomført etter planen og at det ikkje blir teke unødige sjansar. Meir detaljerte oversikter over dette kan ein sjå i tidlegare utgåver av Saneringsnytt.

### Tankmjølktesting

To gonger i året blir det tatt ut prøver av tankmjølk for analyse av antistoff mot CAE. Denne metoden ser ut til å vera god når det gjeld å overvake sanerte buskappar med mjølkegeit for CAE. Prøva vil truleg vera positiv når det er 1-2 positive geiter i ein stor flokk. Den kan ikkje seia noko om kor mange geiter det er som er smitta i ein ikkje sanert flokk. Den kan altså brukast for overvaking av sanerte buskappar og for å plukke ut andre buskappar som er CAE-negative. I vår vart det testa 443 buskappar. 114 av desse var negative.

Dei som har resultat som ikkje er heilt eintydige blir kontakta for å ta ei ny prøve av tankmjølka eller for å ta blodprøver av heile buskapen. I vår var det 6 buskapar som vart fylgde opp. I to av dei vart det påvist 1 og 2 dyr som var CAE-positive. Dei andre hadde ingen positive. Det vil normalt ikkje bli sendt ut svar til kva enkelt produsent på tankmjølkprøvene. Det vil bli gitt beskjed dersom resultatet har endra seg, og der det er tvil om resultatet.

Når det gjeld dei to andre sjukdommane, er det ikkje påvist smitte på noko dyr etter sanering hjå andre enn i dei 3 buskapane med påvist byllesjuka og den eine med påvist paratuberkulose. Ein kan altså framleis konkludere med at smittesaninga gir svært gode resultat. No er utfordringa å få med resten av geiteflokkane.

## **Geitedagane i Svolvær 2007**

Innlegget til Nils Leine ligg på internett: [http://leine.no/htg/sanering/info/fri\\_geit.pdf](http://leine.no/htg/sanering/info/fri_geit.pdf)  
Dei andre innlegga vil bli lagt ut på NSG sine heimesider: <http://www.nsg.no>

## **Seminsesongen 2007**

*Av Ingunn Nævdal, Rådgiver geitavl, Norsk Sau og Geit*

Prosjekt Friskere geiter har også i år bidratt med midler til seminvirksomheten på geit. Det ble i sommer tatt inn til sammen 24 bukker til Hjernstad seminastasjon. Av disse kom 6 prøvebukker og 1 elitebuk fra sanerte besetninger. Produksjonen av sæddoser har gått svært bra i år, bedre enn oppstarten i fjor. Bukkene leverer og det er allerede mange doser på lager.

Sædsalget ser ikke ut til å bli bedre i år enn i fjor. Det kan være flere årsaker til dette, men det kan kanskje ha en sammenheng med kravet om å bestille minst 4 prøvebukkdoser per dose med elitebukksæd. Det er ikke alle som er så interessert i å inseminere med såpass mye prøvebukksæd.

For å få avkomsgranska prøvebukkene må det brukes et visst antall doser fra hver bukk. Dette for å få nok døtre i produksjon til at bukken skal kunne komme ut med indeks. Den lave prisen på prøvebukksæden (kr. 25 pr. dose) og kravet om prøvebukksæd ved bestilling av elitebukksæd, er satt for å unngå for liten bruk av prøvebukksæd.

Prøvebukkene som tas inn til semin har alle gode kåringsresultater. De er de avlsmessig beste i landet. Kvaliteten på bukkene er derfor svært god og dersom de ikke blir brukt nok gjennom semin, er det tilnærmet bortkastet å ta dem inn.

Ved å inseminere med prøvebukksæd i tillegg til elitebukksæd er du med på semingransking og et framtidsrettet avlsarbeid på geit. Det jobbes hele tiden med å optimalisere inseminasjonsmetoden for å bedre resultatene, men det er samtidig viktig å komme i gang for den enkelte, gå kurs, opparbeide seg erfaring og med det ha en stigende resultatkurve.

Informasjon om seminbukkene, bestilling av sæd m.m. finner du på [www.nsgsemin.no](http://www.nsgsemin.no)